



Årsmelding 2019

Styremedlemmer i 2019:

Leiar	Gro Berge
Nestleiar	Reidun Elin Johannessen
Sekretær	Even Sørland
Kasserar	Roald Kvamme (permisjon frå mars)/Even Sørland
Studieleiar	Fauzia Hussain-Wiik
1. Styremedlem	Jørgen Haugland
2. Styremedlem	Christian Almeland (deltatt eitt møte)
AUF-representant	Ole Flåm Svendsen
1. Varamedlem	Lillian Vangberg
2. Varamedlem	May-Brit Nordås

I løpet av perioden har styret hatt åtte styremøter.

Medlemsmøter

I 2019 har styret arrangert tre medlemsmøter på Åsane kultursenter:

- **Årsmøte 15. januar: Debatt om listeforslag til kommunestyrevalet**
- **Medlemsmøte 29. april: Kommunevalet og den nye bydelsreforma**
 - Innleiar: Geir Steinar Dale, leiar for Arbeidarpartiet i Bergen
- **Kveldsmøte med partileiar Jonas Gahr Støre 4. september**
 - Samling på U82 etter husbesøk (opent for alle Ap-medlemmer)
- **Medlemsmøte 22. oktober: Status etter valet og vegen vidare for Åsane**
 - Innleiar: Byutviklingsbyråd Rune Bakervik
 - Gjennomgang av valresultatet i Åsane v/Lillian Vangberg
 - Innspel til evaluering av valkampen

I tillegg vart det arrangert sommarfest for medlemmene heime hos Gro Berge 15. juni.

Medlemsutvikling

I januar 2019 hadde Åsane Ap 185 medlemmer. I januar 2020 er talet 187. Det er talet på betalende medlemmer 31. januar som avgjer kor mange representantar vi får i partiet.

Representasjon

Partiet

Åsane Ap har også i 2019 hatt utsendingar til andre partiorgan:

- Årsmøtet til Hordaland/Vestland Arbeiderparti: 4/2 delegater
- Årsmøtet til Arbeiderpartiet i Bergen: 11 delegater
- Representantskapet til Hordaland Arbeiderparti: 2 plasser
- Representantskapet til Arbeiderpartiet i Bergen: 11 plasser
- Studieutvalget til AiB: Fauzia Hussain-Wiik
- AOF: Fauzia Hussain-Wiik



Åsane Ap

Folkevalde

Etter valet i 2019 har Åsane Ap følgjande folkevalgte:

Bergen bystyre:

- **Lillian Vangberg** – medlem i bystyret og Utval for miljø og byutvikling
- **Amina Amin** – medlem i bystyret og Utval for barnehage, skule og idrett
- Even Sørland – vara til bystyret og 1. vara til Utval for miljø og byutvikling
- May-Brit Nordås – vara til bystyret og 1. vara til Utval for helse og sosial
- Stig Morten Frøiland – vara til bystyret og 3. vara til Utval for barnehage, skule og idrett

Vestland fylkesting:

- Gro Berge – vara til Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Stands og aksjonar

Våren 2019 hadde Åsane Ap:

- Stands på Horisont 28. mars og 25. april
- Kaffiaksjon på Åsane terminal 13. mars

Vi tok også del i Aps våraksjon 29. april – 12. mai.

Valkamp

Kommunevalet var den viktigaste hendinga i 2019. Åsane Ap mobiliserte godt og var aktive og synlege under valkampen, med stor innsats frå mange medlemmer. Det var stor deltaking frå Åsane i sommaraksjonen på Torgallmenningen, og på stands og valbod. Arbeiderpartiet i Bergen arrangerte husbesøk i Åsane, med deltaking både frå Åsane og andre lag.

Det blei gjennomført følgjande aktiviteter i regi av Åsane Ap:

- **Kaffiaksjonar på Åsane terminal:** Måndag 5.8., tysdag 13.8., onsdag 28.8. og torsdag 5.9.
- **Stands på Horisont:** Onsdag 7. august, onsdag 21. august, fredag 30. august, torsdag 5. september.
- **Stands på Åsane senter:** Torsdag 22. august, laurdag 24. august, torsdag 29. august, laurdag 31. august, torsdag 5 september, laurdag 7. september.

Vi kan ikkje vere nøgde med valresultatet i Åsane dette året. Styret meiner likevel at Åsane Ap har gjennomført ein god valkamp og vore synlege lokalt. Styret ønsker å rette ei stor takk til alle dei frivillige som har stilt opp!

Økonomi

Laget har framleis ein stabil og god økonomi etter eit år med mykje aktivitet. Stands-utstyret vi kjøpte i 2018 er mykje brukt og vil vare i mange år.

I valåret 2019 har mykje gått med til roser, Ap-drops og anna materiell til bruk på stands. Det er mellom anna kjøpt inn raude Arbeidarparti-jakker som er delt ut til styret og dei mest aktive standsdeltakarane. Vi betalte i tillegg for ein annonse i Åsane tidende før valet.



Åsane Ap

Styrets oppsummering

Trass i ein krevjande politisk situasjon og eit svakt valresultat meiner styret at 2019 alt i alt har vært et godt år for Åsane Ap. Vi opplever høg aktivitet i lokallaget, og ser at mange ønsker å vere aktive i Åsane Ap. Om vi bygger vidare på dette engasjementet, gir plass til dei som vil engasjere seg og greier å markere oss i partiet og i dei mange viktige Åsane-diskusjonane i tida som kjem, har vi eit godt grunnlag for å styrke oss fram mot neste val.

Gro Berge

Reidun Elin Johannessen

Even Sørland

Fauzia Hussain-Wiik

Jørgen Åhlund Haugland

Lillian Vangberg

May-Brit Nordås